



Griegakademiet - Institutt for musikk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Senter for vitskapsteori
Institutt for framandspråk
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Referanse

2015/10987-ELAK

Dato

06.10.2015

Høyring - mentorordning for stipendiatar som underviser og sensurerer

Forsking- og forskarutdanningsutvalet ved det Det humanistiske fakultet ber grunneiningane om å uttale seg om vedlagte notat frå Stip-HF, om innføring av ei mentorordning for stipendiatar som underviser og sensurerer.

I notatet kjem Stip-HF med framlegg til tiltak for å betre stipendiatane sine føresetnader for å oppfylle undervisningsoppgåvene som fell inn under arbeidsplikta.

Ei eventuell mentorordning vil måtte finansierast innanfor rammene av gjeldande tildelingar til institutta. Fakultetet ber om at saka blir tatt opp til drøfting på lokalt nivå, og at det der blir gjort ei vurdering av korleis ein kan kome i møte dei ønskja som kjem fram i notatet.

Høyringsfrist: 27. oktober 2015

Venleg helsing

Kim Ove Hommen
ass. fakultetsdirektør

Elisabeth Akselvoll
førstekonsulent

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det humanistiske fakultet
Telefon 55589380
Telefaks 55589383
post@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Harald Hårfagres gate 1
Bergen

Sakshandsamar
Elisabeth Akselvoll
55588099

Bergen, 10.03.2015

Notat om mentorordning for stipendiater som underviser og sensurerer

I møte med dekanatet 10.03.2015 ble Stip-HF bedt om å skrive et notat om behovet stipendiater har til å få opplæring i sensur og undervisning uavhengig av kurs i universitetspedagogikk. Bakgrunnen er at de fleste stipendiater har sensur og undervisning som del av pliktarbeidet sitt, samtidig som organiseringen av undervisningen gjør at mange må undervise og sensurere før de eventuelt får mulighet til å ta kurs i universitetspedagogikk. Dette fører til to alvorlige problemer. For det første bruker mange stipendiater alt for mye tid både på å forberede undervisning og på å sensurere oppgaver og eksamener. For det andre ender mange stipendiater opp med å være alt for strenge når de sensurerer, noe som går ut over studentene. Stip-HF foreslår følgende tiltak:

1. At stipendiater får en undervisningsmentor, som kan veilede dem i undervisning, sensur og veiledning. Undervisningsmentoren vil ha som oppgave å gi stipendiatene en innføring i hvilket nivå undervisningen skal foregå på. De følgende punktene foreslår hvordan en slik mentor-ordning kan fungere.
2. At stipendiater som skal sensurere (i alle fall før første gang, men gjerne også senere) blir invitert til et møte med emneansvarlig og/eller mentor, hvor blant annet forventet nivå på eksamensbesvarelsene blir diskutert, samt metoder for effektiv sensur. Stipendiatene bør også få delta som observatører ved muntlige eksamener, slik at de kan delta i en sensursituasjon før de selv skal sensurere.
3. At stipendiater som skal undervise for første gang blir invitert til et møte for eksempel med undervisningsansvarlig på stipendiatens fagfelt, hvor stipendiaten gis forslag til hvordan hen kan planlegge undervisningen på en tidsbesparende måte, samt hvordan undervisningen kan gjennomføres på en pedagogisk god måte. Om mulig bør stipendiatene få være observatør i de fagene en selv senere skal undervise i.
4. At disse tiltakene gjøres obligatoriske. Som doktorgradsstipendiater forventes det naturlig nok en høy grad av selvstendighet av oss. Dette er i de fleste henseender et gode, men i andre sammenhenger kan det føre til en psykologisk barriere som øker terskelen for å be om hjelp. Som ledd i dette bør det også vurderes om mentorer og andre deltakende i ordningen skal få en slags uttelling for arbeidet i timeregnskapet.
5. Stip-HF ber om at faktoren for rettelarbeid og sensur blir vurdert oppjustert med 50 % sammenlignet med faktoren til førsteamanuenser, i tråd med den oppjusterte faktoren

(6) stipendiater har ved undervisning (som er 50 % høyere enn faktor for førsteamanuenser).

Stip-HF ber om at Forsknings- og forskerutdanningsutvalget ved Det humanistiske fakultet tar stilling til disse problemstillingene og fatter et vedtak om tiltak.

Stip-HF

INNKALLING TIL MØTE I FORSKNINGS- OG FORMIDLINGSUTVALGET

FREDAG 16.10.2015 kl 13.15 – 15.00

Stad: Rom 400, HF-bygget

Innkalt: Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Anne Beate Maurseth, Erik Bjerck Hagen, Torodd Kinn, Synne Ytre Arne og Sunniva P. Johansen.

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I **Godkjenning av innkalling**
- II **Framlegging av referat frå møtet 23.4.2015**
- III **Orienteringssaker**

- 12. **Informasjon om nytt forskarutdanningstilbod ved IF og LLE – orienteringssak**
- 13. **Retningsliner for avslutningsseminar/meisterklasse ved LLE**
- 14. **Rekruttering av stipendiatar**
- 15. **Høyring – mentorordning for stipendiatar som underviser og sensurerer**
- 16. **Ymse**

13.10.2015 ABA

SAK 12 Informasjon om nytt forskarutdanningstilbod ved IF og LLE – orienteringssak

Frå haustsemesteret 2015 skal IF og LLE samarbeida om 3 lokale forskarskular/forskarutdanningstilbod. Forskarskulane/forskarutdanningstilboda skal tilby avhandlingsseminar, meisterklassar og fagleg-sosiale aktivitetar. Dei tre lokale forskarskulane/forskarutdanningstilboda er:

- 1) Språkvitenskap og filologi
- 2) Litteratur, kultur og estetiske fag
- 3) Fagdidaktikk

FFU har vore involvert i prosessen rundt utforming av dette tilbodet, sjå mellom anna sak 5/2015 og sak 10/2015.

Vedlegg: Notatet «Felles forskerutdanningstilbud ved IF og LLE fra høstsemesteret 2015» frå instituttleiinga ved IF og LLE.

FELLES FORSKERUTDANNINGSTILBUD VED IF OG LLE FRA HØSTSEMESTERET 2015

IF og LLE samarbeider om 3 lokale forskerskoler/forskerutdanningstilbud med oppstart i begynnelsen av høstsemesteret 2015.

- 4) Språkvitenskap og filologi
- 5) Litteratur, kultur og estetiske fag
- 6) Fagdidaktikk

Forskerskolene skal tilby:

- Avhandlingsseminar (hver 3.-4. uke etter behov).
- Mesterklasser (etter behov)
- Faglig-sosiale aktiviteter (for eksempel felleslunsjer, gjesteforelesninger, og lignende)

Avhandlingsseminaret skal i hovedsak fungere som et *work-in-progress*-seminar der deltakerne legger fram og får kommentert tekstutkast. Arbeidsspråk: engelsk og norsk. Veiledere og andre fagpersoner inviteres til å delta (for eksempel som kommentatorer) der dette er ønskelig og produktivt.

Mesterklasser. Alle kandidater skal ha tilbud om en mesterklasse. Kandidater som har kommet tilstrekkelig langt med avhandlingsarbeidet til å ha faglig utbytte av en slik mesterklasse, kan få deler av teksten (for eksempel 40-50 sider) vurdert og kommentert av en fagekspert (intern eller ekstern). Mesterklassen gjennomføres som et seminar eller en mini-disputas. I tillegg vil det være ønskelig å be mesteren om å holde en gjesteforelesning.

Lokale og nasjonale skoler

Poenggivende forskerutdanningskurs tilbys i regi av de nasjonale forskerskolene (p.t. TBLR og Nasjonal forskerskole i lingvistikk og filologi). De lokale skolene kan arrangere kurs i samarbeid med (og finansiert av) de nasjonale skolene der dette er naturlig, eller overlate organiseringen av slike kurs til ledelsen av den nasjonale skolen

Det er viktig at de lokale forskerskolelederne er orientert om aktiviteten ved de nasjonale skolene og formidler informasjon om kurs o.a. til Ph.d.-kandidatene lokalt.

Forslag til nasjonale kurs som tar utgangspunkt i de lokale kandidatenes behov spilles inn til ledelsen av de nasjonale skolene.

Forskerskoler, fagmiljøer og instituttledelse

Fagmiljøene ved de to instituttene bør involveres i forskerskolenes aktiviteter, for eksempel ved å bidra som kommentatorer ved avhandlingsseminarene.

Veiledere bør holdes orientert om aktiviteter og planer i forskerskolene.

Forskningskoordinator og FFU ved de to instituttene skal også holdes orientert om aktiviteten.

Faglig ledelse og administrasjon

Språkvitenskap og filologi

Faglig ledelse: Bente Hannisdal (IF) og Torodd Kinn (LLE). Administrasjon: Jan Johansen

Litteratur, kultur og estetiske fag

Faglig ledelse: Laura Miles (IF) og Erik Bjerck Hagen (LLE). Administrasjon: Anne Berit Apold.

Fagdidaktikk

Faglig ledelse: Aud Solbjør Skulstad (IF) og Ingvild Nistov (LLE). Administrasjon: Sigrid Ørevik (stip.)

Faglige ledere har ansvar for de faglige sidene ved driften, som beskrevet ovenfor. Administrator har ansvar for å oppdatere websidene til forskerskolen, å føre budsjett, skrive rapport til forskningskoordinator/FFU, samt utføre praktiske gjøremål, som å bestille lokaler til de ulike aktivitetene, flybilletter/hotell ved mesterklasser og gjesteforelesninger, osv.

Økonomi og ressursbruk

Lederne av forskerskolene får et fast timetall i undervisningsregnskapet som kompensasjon for arbeidet. Vi legger til grunn at forskerskolen i fagdidaktikk har langt færre kandidater enn de to andre forskerskolene og derfor vil være mindre arbeids- og ressurskrevende

Hver forskerskole får et årlig budsjett som lederne disponerer innenfor retningslinjene som gjelder for forskerskolene. Budsjettet legges til det instituttet som har det administrative ansvaret. Dersom det er penger til overs ved slutten av året, går disse tilbake til instituttene. Dersom det er særlige grunner til at en forskerskole behøver mer penger enn bevilget, må lederne av forskerskolene ta dette opp med instituttledelsen ved de to instituttene.

Mesterklassene skal normalt dekkes innenfor det årlige budsjettet for den enkelte forskerskolen. Vi regner normalt med utgifter til reise (innenfor Europa) og overnatting for ”mesteren” samt et honorar på rundt 1000 euro. Honoraret dekker lesing av tekst, gjennomføring av mesterklasse, og en gjesteforelesning.

Språkvitenskap og filologi

Samlet årlig bevilgning: 80 000

Uttelling i undervisningsregnskapet for faglig ledelse: 75 t per semester per person (Hannisdal og Kinn). Dette inkluderer faglig ledelse, arbeid med å lese kapittelutkast til avhandlingsseminar, samt planlegging og organisering av mesterklasser.

Litteratur, kultur og estetiske fag

Samlet årlig bevilgning: 80 000

Uttelling i undervisningsregnskapet for faglig ledelse: 75 t per semester per person (Miles og Bjerck Hagen). Dette inkluderer faglig ledelse, arbeid med å lese kapittelutkast til avhandlingsseminar, samt planlegging og organisering av mesterklasser.

Fagdidaktikk

Samlet årlig bevilgning: 40 000

Uttelling i undervisningsregnskapet for faglig ledelse: 30 t per semester per person (Skulstad og Nistov). Dette inkluderer faglig ledelse, arbeid med å lese kapittelutkast til avhandlingsseminar, samt planlegging og organisering av mesterklasser.

Administrasjon: 30 timer pr. semester dersom arbeidet utføres av en stipendiat (Ørevik).

SAK 13 Retningslinjer for sluttseminar ved LLE

Stipendiatar ved LLE har tidlegare etterlyst «sluttseminar/80%-seminar» som er eit større seminar for gjennomgang av kandidaten si avhandling før innlevering. Eit slikt seminar har òg vore foreslått som eit av fleire tiltak for å førebyggja underkjenning av avhandlingar (jamfør sak 6 2015 i FFU ved LLE).

I det nye forskerutdanningstilbodet for IF og LLE er det lagt opp til at alle ph.d.-kandidatane ved dei to institutta skal ha tilbod om meisterklasse der intern eller ekstern ekspertide vurderer delar av kandidaten si avhandling. I det følgjande vert det gjort framlegg om at ordninga med meisterklasse skal fungera som eit «sluttseminar» for ph.d.-kandidatane ved LLE og det vert her lagt fram forslag til retningslinjer for meisterklasse/sluttseminar ved LLE.

Forslag til retningslinjer for sluttseminar ved LLE:

Retningslinjer for sluttseminar for ph.d.-kandidatar ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE).

Alle ph.d.-kandidatar ved LLE skal få tilbod om å gjennomføra sluttseminar. Sluttseminar bør finna stad 2-3 månader før kandidaten planlegg å levera avhandlinga si. Hovudrettleiar skal ha lest og godkjent at manuskriptet vert presentert i eit sluttseminar. Ein opponent vert oppnemnt for å diskutera delar av kandidaten sitt utkast til avhandling. Seminaret vert gjennomført i ei modifisert disputasform der kandidaten innleiingsvis gjev ein kort presentasjon (15 min) før opponenten drøftar det framlagte manuset med kandidaten. Seminaret er ope for interesserte.

Formålet med sluttseminaret er å vurdere utkast til avhandling med tanke på forbetring før innlevering. Seminaret skal gje kandidaten høve til å få diskutert eige vitskapleg arbeid. Seminaret skal bidra til å synleggjera prosjektet sin praktiske og teoretiske status. Ein vurderer og diskuterer eventuelle svakheiter ved prosjektet og moglege strategiar for å styrka kvaliteten. Deltakarar skal leggja vekt på å gje kandidaten konstruktive tilbakemeldingar.

Sluttseminaret vert knytt til ein av dei tre lokale forskarskulane/ forskarutdanningstilboda ved IF og LLE eller kan skipast til av ei forskargruppa der det er meir naturleg.

Utpeiking av opponent

Leiar for ein av dei lokale forskarskulane/forskarutdanningstilboda og hovudrettleiar kjem fram til ein passende opponent. Kandidaten kan gje innspel. Opponenten kan vera intern eller ekstern. Ein opponent på sluttseminaret kan ikkje sitja i komiteen som skal vurdere kandidaten si avhandling når ho er levert inn.

Tidsskjema

Sluttseminaret bør finna stad 2-3 månader før kandidaten planlegg å levera avhandlinga si. Opponenten bør ha ein månad på å lesa teksten. Sluttseminaret bør varslast til leiar/administrasjon av den aktuelle forskarskulen om lag fem månader før planlagt innlevering. Kandidat, rettleiar og opponent avtalar ein dato for sluttseminaret i samråd med leiar for den lokale forskarskulen (eller leiar for ei forskargruppe). Eit samandrag av utkast til avhandling skal gjerast tilgjengeleg for kollegaer som vil vera med på seminaret innan rimeleg tid.

Ph.d.-kandidaten sine oppgåver

- Tekst som grunnlag for seminaret må vera godkjent av hovudrettleiar (hovudrettleiar må gje «klarsignal» for at sluttseminar kan planleggjast).
- Manuskript på 60-80 sider skal vera tilgjengeleg for opponent og leiar av seminaret seinast tre veker før seminaret.
- Kandidaten utarbeider eit samandrag på 3-7 sider som skal vera tilgjengeleg for deltakarar på seminaret.
- Kandidaten gjev ein kort presentasjon (omlag 15 minutt) av avhandlingsarbeidet innleiingsvis på seminaret.

Instituttet og fagmiljøet sine oppgåver

- Hovudrettleiar har ansvar for å informera leiinga/administrasjonen av forskarskulen om at det må skipast til sluttseminar.
- Hovudrettleiar har ansvar for å gjera avtale med opponent i samråd med leiinga av forskarskulen.
- Leiar for forskarskulen har ansvar for å gjera seminaret kjent i rimeleg tid.
- Leiar av forskarskulen leier seminaret
- Hovudrettleiar har ansvar for at det vert gjennomført eit møte mellom rettleiar, kandidat og opponent etter seminaret.

Opponenten sine oppgåver (sjå eigen instruks til opponent ved sluttseminar)

- Opponenten si oppgåve er å kritisk vurdera og gje synspunkt på avhandlingsarbeidet på ein måte som gjev kandidaten høve til å forbetra arbeidet i sluttfasen og å førebu seg til disputas
- Opponenten skal ikkje samanfatta arbeidet, men bruka mesteparten av tida til vurdering og diskusjon av arbeidet. Hovuddelen av seminaret (1 tim) bør brukas til denne gjennomgangen, men det bør opnast for innspel frå salen.
- Det er ønskeleg at opponenten utarbeider ein kort rapport (maks 2 sider) som vert sendt til kandidat og rettleiar.

Instruks til opponent ved sluttseminar

Hovudoppgåva til opponente er å kommentera moment i manuskritet som gjera at kandidaten står i fare for ikkje å få arbeidet godkjent. Opposisjonen bør femna om moment som vanlegvis er ein del av bedømminga ved disputas slik som:

- Teori
- Metode
- Drøfting av funn
- Struktur
- Formalia
- Språkbruk

Opponenten bør, så langt det er mogleg, leggja opp opposisjonen slik at han har verdi for andre ph.d.-kandidatar. Sluttseminaret skal ikkje fungera som korrekturlesing, men opponenten bør gje døme på feil som inntreer ofte, upresist språk m.m.

Sluttseminaret varar normalt inntil 2, 5 time. Det bør opnast for innlegg frå salen. Ph.d.-kandidaten held innleiingsvis ein presentasjon av avhandlingsarbeidet (maks 15 min).

Hovudretteleiar pliktar å vera til stades på seminaret og drøfta opposisjonen med ph.d.-kandidaten etter seminaret. Rettleiar skal óg setja seg inn i korleis opponenten sine innspel er følgt opp i avhandlinga før endeleg innlevering skjer.

Ekstern opponent får honorar for ? timar for arbeidet, medan intern opponent kan godskriva ? timar i arbeidstidsrekneskapen.

SAK 14 Rekruttering av stipendiatar

LLE har blitt orientert av fakultetsledelsen om at vi har for mange stipendiatar sett i forhold til antallet hjemler vi er tildelt. Det viser seg også at på grunn av lengre sykemeldinger blir ikke stipendhjemlene ledige når de ordinært skulle vært utlyst. Dette skaper problemer for rekrutteringen, spesielt for fag som trenger nyrekruttering. I noen fag er vi pålagt å øke bemanningen, for andre ser vi selv at det er nødvendig med nyrekruttering. Det betyr at rekrutteringen gjennom stipendiattildeling må være mer fleksibel enn det som har vært praksis til nå.

Ved LLE har det vært praktisert åpen utlysning av alle stipend. I praksis har dette resultert i at det ikke har vært mulig å sluse stipend inn i fag med særlige behov hvor ellers kvalifikasjonene har vært tilstrekkelige til å tilby stipend.

For å åpne for en slik mulig prioritering må utlysningsteksten gi en slik mulighet.

I en utlysingsrunde fortok ledelsen en "øremerkning" av stipend. Det var ikke heldig da det viste seg at det ikke var kvalifiserte søkere til stipendet. Det ble dermed en ordinær søknadsbehandling i tillegg.

Tanken er nå å gjøre det omvendt. Det vil si å ta inn en formulering om at dersom det er kvalifiserte søkere innen fagene x, y, z, så vil de bli prioritert.

Forslag til vedtak vert formulert i møtet

SAK 15 Høyring – mentorordning for stipendiatar som underviser og sensurerer

Fakultetet har bedt grunneiningane om å uttala seg om eit notat frå STIP-HF om innføring av ei mentorordning for stipendiatar som underviser og sensurerer. I notatet kjem Stip-HF med framlegg til tiltak for å betre stipendiatane sine føresetnader for å oppfylle undervisningsoppgåvene som fell inn under arbeidsplikta. Ei eventuell mentorordning vil måtte finansierast innanfor rammene av gjeldande tildelingar til institutta. Det vert òg gjort framlegg om endringa av førebuingfaktor for nokre av oppgåvene stipendiatane utfører som pliktarbeid.

Vedlegg:

- Brev frå fakultetet datert 6.10.2015
- Notat frå STIP-HF

Forslag til vedtak vert formulert i møtet.